



Notat

Dato: 29.10.2018
Arkivsak: 2018/16036-1
Saksbehandlar: rolrose

Til: Utval for miljø og samferdsel
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Investering av vognmateriell til framtidige bybanestrekningar.

Til møte i fylkesutvalet den 8. desember 2016 vart det lagt fram ei meldingssak om investering i vognmateriell til framtidige bybanestrekningar. Konklusjonen i meldinga var som følgjer.

Basert på ei totalvurdering vil fylkesrådmannen tilrå at ein ikkje nyttar opsjonen i gjeldande kontrakt. Etter fylkesrådmannen sitt syn er dei juridiske konklusjonane for usikre til at ein bør gå vidare med kontrakten med Stadler Pankow. Ved å gjennomføre ny anbodskonkurranse vil ein rydde bort den uvisse og tvil som dei juridiske utgreiingane peikar på, samstundes som ein vil sikre tilgang til oppdaterte og framtidssretta teknologiske løysingar.

Fylkesrådmannen vil dermed foreslå at ein for byggetrinna 4 og 5 gjennomfører ein ny, samla anbodsprosess for vogninvesteringane. Med denne framgangsmåten vil ein også få ei noko jamnare fordeling av vognflåten om ein eventuelt får inn ein ny leverandør. Dette vert vurdert som tenleg i høve sjølve konkurransen, då dette truleg vil resultere i tilbod frå fleire aktørar.

Bybanen AS har vurdert marknaden for bybanevogner opp mot å vidareføra avtalen med Stadler Pankow GmbH (Stadler), og har kome til at det vil vera vesentlege midlar å spara ved å vidareføra samarbeidet med Stadler. For å vurdere om det vil la seg gjera å nytta opsjon for ytterlegare kjøp frå Stadler innafør gjeldande lovverk, er advokatfirma Thommessen AS engasjert for å gjera ei vurdering av dette.

Etter å ha vurdert saka konkluderar Thommessen som følgjer:

Vår hovedkonklusjon er at fylkeskommunen kan foreta ein direkteanskaffelse av fire eller seks vogner i 2018 eller 2019 med sikte på levering for byggetrinn 4. Vurderingen bygger på de kostnadstallene vi har fått oppgitt av Bybanen AS for de ulike anskaffelsesalternativer. Rettskildene gir ikke grunnlag for å trekke en helt klar konklusjon, og ved en slik direkteanskaffelse anbefaler vi derfor Bybanen AS å foreta ein såkalt intensjonskunngjøring for å avskjære muligheten for avkortings-/ugyldighetssanksjoner og overtredelsesgebyr.

Behov for nye vogner til byggjetrin 4

Bybanen AS har gjennomført ei analyse av behovet for nye vogner til byggjetrin 4 – Fyllingsdalen, og har vurdert om ein vil vera best tent med å konkurranseutsetja vognkjøpa til byggjetrin 4 og 5 i eitt innkjøp, eller om ein skal nytta ein forhandla opsjon med Stadler og investera i nye vogner til byggjetrin 4 no og utsetja

vognkjøp til byggjetrin 5 til eit seinare tidspunkt. Ein viktig faktor i dette er tidspunkta for når byggjetrina er klar for ordinær drift. Per d.d er byggjetrin 4 klar til drift sommaren 2022, og byggjetrin 5 i 2031. Ved å nytta opsjon no, kan ein venta med å konkurransenutsetja vognkjøpet til byggjetrin 5, og eventuelt byggjetrin 6 til 2027.

Bybanen AS har og vurdert kostnadane ved direktekjøp kontra konkurransenutsetjing. Då eingongs- og prosjektkostnadane samt verkstadtilpassing til ein ny vognleverandør er vesentleg høgare ved konkurransenutsetjing enn ved direktekjøp, har ein kome fram til at ein vil spara 1,3 mill EUR per vogn ved direkte kjøp frå Stadler. Ved kjøp av 6 vogner vil samla kostnad verta 31,0 mill EUR inkludert Bybanen AS sine prosjektkostnader og prisstiging til 2019. Ved å gå for dette vil ein:

- Sikra dagens produksjonsnivå på line 1 (Flesland) og 8 min. frekvens på linje 2 (Fyllingsdalen) med rom for noko produksjonsauke.
- Spara investeringskostnader.
- Vera sikra ein føreseieleg og uendra vedlikehaldskostnad.
- Ha eins vognpark fram til 2031.
- Kunna samkøyra innkjøp til byggjetrin 5 og 6.

Ved levering av 3 vogner i 2021 og 3 vogner i 2022 vil betalingsplanen verta som følger:

- 2019 EUR 3,6 mill
- 2020 EUR 5,7 mill
- 2021 EUR 13,95 mill
- 2022 EUR 7,75 mill.

Bybanen AS vil føreta ei intensjonskunngjering i framkant av innkjøpet.

Etter ei samla vurdering av materialet frå Bybanen AS, kan fylkesrådmannen slutta seg til konklusjonen og den framdrifta som er lagt for innkjøpet.